

A V T A L E

mellom HAREID HAMNESTYRE og BRANDAL SMÅBÅTLAG.

1. Avtalen gjeld bruken av småbåthamnene på nordre og søre del av hamna i Brandal slik det er fastsett og avgrensa i skriv frå Kystdirektoratet datert 05.05.1976.
2. Flytebryggene med båtplassar er Brandal småbåtlag v/medlemene sin eigedom. Småbåtlaget har det fulle ansvar for drift og vedlikehald av brygger og landganger.
3. Småbåtlaget er ansvarleg for normalt reinhald av sjø og fjøre/skråningar i småbåthamna.
4. Småbåtlaget må sjølve syta for vidare utbygging av el.nettet når det gjeld kraftuttak for småbåthamna, og vere ansvarleg for at straumavgift vert betalt til el.verket.
5. Brandal småbåtlag er ikkje ansvarleg for avgifter som brukarane ikkje betalar. Småbåtlaget betaler inn til hamnekassa 80% av innkoma hamneavgift den 1. august kvart år. Småbåtlaget sender inn liste over dei som har/ikkje har betalt ved årets slutt.
Beløpet skal regulerast i tråd med hamneavgiftene for småbåtar.
Dersom bryggeplassantalet endrar seg, må summen endrast i samsvar med dette.
6. Avtalen kan seiast opp av begge partar med 12 månaders varsel.
7. Småbåtlaget og medlemer i småbåtlaget må elles ved opphald i hamna til ei kvar tid rette seg etter eventuelle pålegg som hamnevesenet gir.
8. Avtalen er utferda i 2 eksemplar, eitt til kvar av partane.
9. Avtalen gjeld frå *1-1-1990*...19*89*.

Hareid, den...*15/12*...89

for Hareid Hamnestyre

Roger Hareide

formann

Roger Hareide

Brandal, den...*15/12*...89

for styret i Brandal Småbåtlag

Johan Peder Brandal

formann

Johan. P. Brandal.